



Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Dato: 29.09.2016
Vår ref.: 2015/12015-3
Saksbehandlar: marrods
Dykkar ref.:

Stortingsmelding om "Bærekraftige byer og sterke distrikt" - innspel

Hordaland fylkeskommune handsama invitasjonen til å koma med innspel til Stortingsmeldinga om «Bærekraftige byer og sterke distrikt» og fatta fylgjande vedtak:

1. Hordaland fylkeskommune meiner det er lagt opp til ein god prosess med tidlege innspel til arbeidet med stortingsmeldinga om «Bærekraftige byer og sterke distrikt». Regional planstrategi med forslag til mål og strategiar og relevante regionale planar gir eit godt fundamentert grunnlag for innspel til meldinga.
2. Fylkeskommunane har gode føresetnader for å kunne vera ein viktig aktør i by- og distriktpolitikken og kan tilpassa tiltak til dei aktuelle utfordringane i fylket. Fylkeskommunen har eit utstrakt samarbeid med kommunane, næringslivet og det regionale statsapparatet. Fylkeskommunen kan både samordna og prioritera innsats dit kor det trengs mest. Styrking av fylkeskommunen fører til styrking av by- og distriktpolitikken. Regionreforma og by- og distriktpolitikken bør derfor sjåast i samanheng.

Fylka Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland har i eit felles forventingsbrev datert 11.mars.2016 uttalt at fylkeskommunane må få eit tungt ansvar både for utviklingsoppgåver og tenesteproduksjon gjennom regionreforma. Vestlandsfylka ber om å få tilført oppgåver innan desse områda:

- a) Statens vegvesen sitt regionapparat, med tilhøyrande fylkesfunksjonar
 - b) Kulturrådet og tildelingar til regionale formål frå Kulturdepartementet
 - c) Kjøp av regionale jernbanetenester
 - d) Delar av Norges forskingsråd sine programområde
 - e) Konesjons- og rettleiingsoppgåver frå NVE og anna regional naturressursforvaltning
 - f) Dei delane av BUF-etat som ikkje kan leggjast til kommunane
 - g) Regionale miljøvern- og landbruksforvaltningsoppgåver som ikkje inneber kontroll og tilsyn
 - h) Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) sine regionale funksjonar
 - i) I tillegg bør dei statlege høgskulane vurderast overført til regionane
 - j) Greie ut om ansvar, eigarskap og finansiering av heile eller delar av spesialisthelsetenestene bør leggjast til dei nye regionane
3. Fylkeskommunens økonomiske handlingsrom bør styrkast. Rammene må samsvara med oppgåver og utfordringar. Kollektivtransport er eit felt der det ut frå omsynet til berekraftig utvikling vil bli trong for auka rammer. Auka regionalt handlingsrom innan statlege overføringer vil gjera det mogeleg å

tilpassa innsats til utfordringar regionalt og lokalt. Fylkeskommunen stør forslag om å prøva ut utviklingsavtalar med statleg finansiering knytt til gjennomføring av regionale planar.

4. Hordaland fylkeskommune meiner statlege organ må leggja større vekt på regionale planar i spørsmål som gjeld lokalisering, planlegging, forvaltning av økonomiske verkemiddel og forvaltningsvedtak. Det må opprettast reglar og rutinar som sikrar dette innafor alle statlege sektorar.
5. Berekraftige byar og sterke distrikt må utviklast i samsvar med klimapolitiske mål. Det grønne skiftet må innarbeidast i næringspolitikken gjennom å leggje til rette for miljøvenleg produksjon.
6. By- og tettstadutvikling er eit prioritert satsingsområde i regional plan for attraktive senter. Utvikling av gode regionsenter er vektlagt spesielt. Statlege organ med publikumsretta tenester og kompetansearbeidsplassar bør bidra til å stø opp under senterstrukturen i fylket ved lokalisering i definerte senter.

Sterke distrikt er ein føresetnad for ei god senterutvikling. Det må vektleggjast tiltak som også stimulerer distrikta. Klimavennlege personbilar og god digital infrastruktur er viktige målretta tiltak. I ei god regional utvikling må ein vektleggje rammevilkår og tiltak som utviklar landbruket som eit avgjerande fundament for reiseliv og matproduksjon.

7. Digital infrastruktur er avgjerande for å utvikla eit moderne samfunn og eit konkurransedyktig næringsliv. Statens nasjonale ansvar for likeverdig nett og fylkeskommunens koordinerande rolle i infrastrukturbygginga bør styrkast.
8. Kommunale planar bør leggja større vekt på bustadplanlegging. Regionale bustad-, areal- og transportplanar må følgjast opp i statleg forvaltning. Husbanken sine verkemiddel må knytast sterkare opp til by- og tettstadutvikling og fylgja opp senterstruktur i planane. Sosial bustadbygging og tilrettelegging av bustader skal bidra til integrering av ulike grupper og bør prioriterast.
9. Samspelet mellom utdanningsfeltet og samfunnet må utviklast slik at det er godt samsvar mellom behov og studieplassar. Finansiering og styring av høgskular og universitet må bidra til å utvikla betre kopling mellom utdanning og regionalt arbeidsliv. Hordaland er eit pilotfylke for betre kunnskapsgrunnlag og vil gjennom regional plan for kompetanse og arbeidskraft, førebu moglege tiltak for å styrke samhandlinga regionalt.

Saksprotokoll og saksframlegg fylgjer dette brevet.

Marit Rødseth
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Arkivnr: 2015/12015-2

Saksbehandlar: Marit Rødseth

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling	119/16	14.09.2016
Fylkesutvalet	224/16	21.09.2016

Stortingsmelding om "Bærekraftige byer og sterke distrikt" - innspel**Samandrag**

Regjeringa arbeider med ei stortingsmelding om «Bærekraftige byer og sterke distrikt» som skal leggjast fram våren 2017. Kommunal- og moderniseringsdepartementet inviterer til innspel til meldinga. Departementet har ei eige nettside for arbeidet www.byerogdistrikter.no og innspel blir lagt ut fortløpande på sida. Det er utarbeidd eit diskusjonsnotat(vedlegg) med ei rekkje spørsmål som vil bli drøfta i meldinga.

Fylkesrådmannen meiner forslag til Regional planstrategi og relevante regionale planar gir eit godt grunnlag for å gje innspel til by- og distriktpolitikken. Fylkeskommunane har gode føresetnader for å møta regionale utfordringar og løysa oppgåver innan by- og distriktsutvikling. Regionreforma og by- og distriktpolitikken bør derfor samordnast. Fylkeskommunen må få større handlingsrom i form av fleire oppgåver og auka budsjettrammer utan øyremerking.

Fylkesrådmannen ser positivt på auka vekt på regionale planar og utprøving av statleg medfinansiering i form av utviklingsavtalar. Regelverk og system for integrering av regionale planar i statleg verksemd må utviklast for alle sektorar.

Regional bustad, areal og transportplanlegging må fylgjast opp gjennom styrking av bustadplanlegginga i kommunane, praktisering av nasjonal arealpolitikk og lokalisering av statleg verksemd, samt bruk av Husbanken sine verkemiddel.

Forslag til innstilling

1. Hordaland fylkeskommunen meiner det er lagt opp til ein god prosess med tidlege innspel til arbeidet med stortingsmeldinga om «Bærekraftige byer og sterke distrikt». Regional planstrategi med forslag til mål og strategiar og relevante regionale planar gir eit godt fundamentert grunnlag for innspel til meldinga.
2. Fylkeskommunane har gode føresetnader for å kunne vera ein viktig aktør i by- og distriktpolitikken og kan tilpassa tiltak til dei aktuelle utfordringane i fylket. Fylkeskommunen har eit utstrakt samarbeid med kommunane, næringslivet og det regionale statsapparatet. Fylkeskommunen kan både samordne og prioritere innsats dit kor det trengs mest. Styrking av fylkeskommunen fører til styrking av by- og distriktpolitikken. Regionreforma og by- og distriktpolitikken bør derfor sjåast i samanheng.

Fylka Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland har i eit felles forventingsbrev datert 11.mars.2016 uttalt at fylkeskommunane må få eit tungt ansvar både for utviklingsoppgåver og tenesteproduksjon gjennom regionreforma. Vestlandsfylka ber om å få tilført oppgåver innan desse områda:

- a) Statens vegvesen sitt regionapparat, med tilhøyrande fylkesfunksjonar
 - b) Kulturrådet og tildelingar til regionale formål frå Kulturdepartementet
 - c) Kjøp av regionale jernbanetenester
 - d) Delar av Norges forskingsråd sine programområde
 - e) Konesjons- og rettleiingsoppgåver frå NVE og anna regional naturressursforvaltning
 - f) Dei delane av BUF-etat som ikkje kan leggjast til kommunane
 - g) Regionale miljøvern- og landbruksforvaltningsoppgåver som ikkje inneber kontroll og tilsyn
 - h) Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) sine regionale funksjonar
 - i) I tillegg bør dei statlege høgskulane vurderast overført til regionane
3. Fylkeskommunens økonomiske handlingsrom bør styrkast. Rammene må samsvara med oppgåver og utfordringar. Kollektivtransport er eit felt der det ut frå omsynet til berekraftig utvikling vil bli trong for auka rammer. Auka regionalt handlingsrom innan statlege overføringar vil gjera det mogeleg å tilpassa innsats til utfordringar regionalt og lokalt. Fylkeskommunen stør forslag om å prøva ut utviklingsavtalar med statleg finansiering knytt til gjennomføring av regionale planar.
 - 4 Hordaland fylkeskommune meiner statlege organ må leggja større vekt på regionale planar i spørsmål som gjeld lokalisering, planlegging, forvaltning av økonomiske verkemiddel og forvaltningsvedtak. Det må opprettast reglar og rutinar som sikrar dette innafør alle statlege sektorar.
 - 5 Berekraftige byar og sterke distrikt må utviklast i samsvar med klimapolitiske mål. Det grønne skiftet må innarbeidast i næringspolitikken gjennom å leggje til rette for miljøvenleg produksjon.
 - 6 By- og tettstadutvikling er eit prioritert satsingsområde i regional plan for attraktive senter. Utvikling av gode regionsenter er vektlagt spesielt . Statlege organ med publikumsretta tenester og kompetansearbeidsplassar bør bidra til å stø opp under senterstrukturen i fylket ved lokalisering i definerte senter.
 - 7 Digital infrastruktur er avgjerande for å utvikla eit moderne samfunn og eit konkurransedyktig næringsliv. Statens nasjonale ansvar for likeverdig nett og fylkeskommunens koordinerande rolle i infrastrukturbygginga bør styrkast.
 - 8 Kommunale planar bør leggja større vekt på bustadplanlegging. Regionale bustad, areal og transportplanar må fylgjast opp i statleg forvaltning. Husbanken sine verkemiddel må knytast sterkare opp til by- og tettstadutvikling og fylgja opp senterstruktur i planane.
 - 9 Samspelet mellom utdanningsfeltet og samfunnet må utviklast slik at det er godt samsvar mellom behov og studieplassar. Finansiering og styring av høgskular og universitet må bidra til å utvikla betre kopling mellom utdanning og regionalt arbeidsliv. Hordaland er eit pilotfylke for betre kunnskapsgrunnlag og vil gjennom regional plan for kompetanse og arbeidskraft, førebu moglege tiltak for å styrke samhandlinga regionalt.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 14.09.2016

Kjell Håland (A) sette på vegner av A, KrF, Sp og V fram slikt forslag:

«Tillegg til punkt 2, nytt punkt j):

Greie ut om ansvar, eigarskap og finansiering av heile eller delar av spesialisthelsetenestene bør leggjast til dei nye regionane»

Kjell Håland (A) sette på vegner av A, KrF, Sp og V fram slik protokollmerknad:

«Grunngjeving av forslaget til nytt punkt 2 j):

Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at det vil tene den norske forvaltningsmodellen at staten i større grad organiserer si verksemd slik at ho korresponderer med den folkevalde regionstrukturen.

Det regionale helseføretaket Helse Vest RHF har i dag ansvaret for spesialisthelsetenestene i fylka Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner det bør vurderast om ansvaret for spesialisthelsetenestene kan leggjast til den nye Vestlandsregionen.»

Siri Klokkestuen (A) sette fram slikt forslag (a):

«Tillegg til punkt 6:

Sterke distrikt er ein føresetnad for ei god senterutvikling. Det må vektleggjast tiltak som også stimulerer distrikta. Klimavennlege personbilar og god digital infrastruktur er viktige målretta tiltak. I ei god regional utvikling må ein vektleggje rammevilkår og tiltak som utviklar landbruket som eit avgjerande fundament for reiseliv og matproduksjon.»

Siri Klokkestuen (A) sette fram slikt forslag (b):

«Tillegg til punkt 8:

Sosial bustadbygging og tilrettelegging av bustader skal bidra til integrering av ulike grupper og bør prioriterast.»

Røysting

Det var 12 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Håland sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 5 røyster (H, Frp) for fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 3, 4 og 5 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 6 med Klokkestuen sitt forslag (a) vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 7 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Klokkestuen sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 2 røyster (Frp) for fylkesrådmannen sitt forslag punkt 8.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 9 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Hordaland fylkeskommune meiner det er lagt opp til ein god prosess med tidlege innspel til arbeidet med stortingsmeldinga om «Bærekraftige byer og sterke distrikt». Regional planstrategi med forslag til mål og strategiar og relevante regionale planar gir eit godt fundamentert grunnlag for innspel til meldinga.
2. Fylkeskommunane har gode føresetnader for å kunne vera ein viktig aktør i by- og distriktspolitikken og kan tilpassa tiltak til dei aktuelle utfordringane i fylket. Fylkeskommunen har eit utstrakt samarbeid med kommunane, næringslivet og det regionale statsapparatet. Fylkeskommunen kan både samordna og prioritera innsats dit kor det trengs mest. Styrking av fylkeskommunen fører til styrking av by- og distriktspolitikken. Regionreforma og by- og distriktspolitikken bør derfor sjåast i samanheng.

Fylka Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland har i eit felles forventingsbrev datert 11.mars.2016 uttalt at fylkeskommunane må få eit tungt ansvar både for utviklingsoppgåver og tenesteproduksjon gjennom regionreforma. Vestlandsfylka ber om å få tilført oppgåver innan desse områda:

- a) Statens vegvesen sitt regionapparat, med tilhøyrande fylkesfunksjonar
 - b) Kulturrådet og tildelingar til regionale formål frå Kulturdepartementet
 - c) Kjøp av regionale jernbanetenester
 - d) Delar av Norges forskingsråd sine programområde
 - e) Konesjons- og rettleiingsoppgåver frå NVE og anna regional naturressursforvaltning
 - f) Dei delane av BUF-etat som ikkje kan leggjast til kommunane
 - g) Regionale miljøvern- og landbruksforvaltningsoppgåver som ikkje inneber kontroll og tilsyn
 - h) Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) sine regionale funksjonar
 - i) I tillegg bør dei statlege høgskulane vurderast overført til regionane
 - j) Greie ut om ansvar, eigarskap og finansiering av heile eller delar av spesialisthelsetenestene bør leggjast til dei nye regionane
3. Fylkeskommunens økonomiske handlingsrom bør styrkast. Rammene må samsvara med oppgåver og utfordringar. Kollektivtransport er eit felt der det ut frå omsynet til berekraftig utvikling vil bli trong for auka rammer. Auka regionalt handlingsrom innan statlege overføringar vil gjera det mogeleg å tilpassa innsats til utfordringar regionalt og lokalt. Fylkeskommunen stør forslag om å prøva ut utviklingsavtalar med statleg finansiering knytt til gjennomføring av regionale planar.
 4. Hordaland fylkeskommune meiner statlege organ må leggja større vekt på regionale planar i spørsmål som gjeld lokalisering, planlegging, forvaltning av økonomiske verkemiddel og forvaltningsvedtak. Det må opprettast reglar og rutinar som sikrar dette innafor alle statlege sektorar.
 5. Berekraftige byar og sterke distrikt må utviklast i samsvar med klimapolitiske mål. Det grønne skiftet må innarbeidast i næringspolitikken gjennom å leggje til rette for miljøvenleg produksjon.
 6. By- og tettstadutvikling er eit prioritert satsingsområde i regional plan for attraktive senter. Utvikling av gode regionsenter er vektlagt spesielt. Statlege organ med publikumsretta tenester og kompetansearbeidsplassar bør bidra til å stø opp under senterstrukturen i fylket ved lokalisering i definerte senter.

Sterke distrikt er ein føresetnad for ei god senterutvikling. Det må vektleggjast tiltak som også stimulerer distrikta. Klimavennlege personbilar og god digital infrastruktur er viktige målretta tiltak. I ei god regional utvikling må ein vektleggje rammevilkår og tiltak som utviklar landbruket som eit avgjerande fundament for reiseliv og matproduksjon.

7. Digital infrastruktur er avgjerande for å utvikla eit moderne samfunn og eit konkurransedyktig næringsliv. Statens nasjonale ansvar for likeverdig nett og fylkeskommunens koordinerande rolle i infrastrukturbygginga bør styrkast.
8. Kommunale planar bør leggja større vekt på bustadplanlegging. Regionale bustad-, areal- og transportplanar må fylgjast opp i statleg forvaltning. Husbanken sine verkemiddel må knytast sterkare opp til by- og tettstadutvikling og fylgja opp senterstruktur i planane. Sosial bustadbygging og tilrettelegging av bustader skal bidra til integrering av ulike grupper og bør prioriterast.
9. Samspelet mellom utdanningsfeltet og samfunnet må utviklast slik at det er godt samsvar mellom behov og studieplassar. Finansiering og styring av høgskular og universitet må bidra til å utvikla betre kopling mellom utdanning og regionalt arbeidsliv. Hordaland er eit pilotfylke for betre kunnskapsgrunnlag og vil gjennom regional plan for kompetanse og arbeidskraft, førebu moglege tiltak for å styrke samhandlinga regionalt.

Protokollmerknad frå A, KrF, Sp og V

Grunngjeving av forslaget til nytt punkt 2 j):

Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at det vil tene den norske forvaltningsmodellen at staten i større grad organiserer si verksemd slik at ho korresponderer med den folkevalde regionstrukturen.

Det regionale helseføretaket Helse Vest RHF har i dag ansvaret for spesialisthelsetenestene i fylka Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner det vurderast om ansvaret for spesialisthelsetenestene kan leggjast til den nye Vestlandsregionen.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 22.09.2016

Røysting

Innstillinga, unnateke punkt 2 j) vart samrøystes vedteken.

Innstillinga punkt 2 j) vart vedteken mot 5 røyster (H, Frp).

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune meiner det er lagt opp til ein god prosess med tidlege innspel til arbeidet med stortingsmeldinga om «Bærekraftige byer og sterke distrikt». Regional planstrategi med forslag til mål og strategiar og relevante regionale planar gir eit godt fundamentert grunnlag for innspel til meldinga.
2. Fylkeskommunane har gode føresetnader for å kunne vera ein viktig aktør i by- og distriktspolitikken og kan tilpassa tiltak til dei aktuelle utfordringane i fylket. Fylkeskommunen har eit utstrakt samarbeid med kommunane, næringslivet og det regionale statsapparatet. Fylkeskommunen kan både samordna og prioritera innsats dit kor det trengs mest. Styrking av fylkeskommunen fører til styrking av by- og distriktspolitikken. Regionreforma og by- og distriktspolitikken bør derfor sjåast i samanheng.

Fylka Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland har i eit felles forventingsbrev datert 11.mars.2016 uttalt at fylkeskommunane må få eit tungt ansvar både for utviklingsoppgåver og tenesteproduksjon gjennom regionreforma. Vestlandsfylka ber om å få tilført oppgåver innan desse områda:

- k) Statens vegvesen sitt regionapparat, med tilhøyrande fylkesfunksjonar
 - l) Kulturrådet og tildelingar til regionale formål frå Kulturdepartementet
 - m) Kjøp av regionale jernbanetenester
 - n) Delar av Norges forskingsråd sine programområde
 - o) Konesjons- og rettleiingsoppgåver frå NVE og anna regional naturressursforvaltning
 - p) Dei delane av BUF-etat som ikkje kan leggjast til kommunane
 - q) Regionale miljøvern- og landbruksforvaltningsoppgåver som ikkje inneber kontroll og tilsyn
 - r) Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) sine regionale funksjonar
 - s) I tillegg bør dei statlege høgskulane vurderast overført til regionane
 - t) Greie ut om ansvar, eigarskap og finansiering av heile eller delar av spesialisthelsetenestene bør leggjast til dei nye regionane
3. Fylkeskommunens økonomiske handlingsrom bør styrkast. Rammene må samsvara med oppgåver og utfordringar. Kollektivtransport er eit felt der det ut frå omsynet til berekraftig utvikling vil bli trong for auka rammer. Auka regionalt handlingsrom innan statlege overføringar vil gjera det mogeleg å tilpassa innsats til utfordringar regionalt og lokalt. Fylkeskommunen stør forslag om å prøva ut utviklingsavtalar med statleg finansiering knytt til gjennomføring av regionale planar.
4. Hordaland fylkeskommune meiner statlege organ må leggja større vekt på regionale planar i spørsmål som gjeld lokalisering, planlegging, forvaltning av økonomiske verkemiddel og forvaltningsvedtak. Det må opprettast reglar og rutinar som sikrar dette innafor alle statlege sektorar.
5. Berekraftige byar og sterke distrikt må utviklast i samsvar med klimapolitiske mål. Det grønne skiftet må innarbeidast i næringspolitikken gjennom å leggje til rette for miljøvenleg produksjon.
6. By- og tettstadutvikling er eit prioritert satsingsområde i regional plan for attraktive senter. Utvikling av gode regionsenter er vektlagt spesielt. Statlege organ med publikumsretta tenester og kompetansearbeidsplassar bør bidra til å stø opp under senterstrukturen i fylket ved lokalisering i definerte senter.
- Sterke distrikt er ein føresetnad for ei god senterutvikling. Det må vektleggjast tiltak som også stimulerer distrikta. Klimavennlege personbilar og god digital infrastruktur er viktige målretta tiltak. I ei god regional utvikling må ein vektleggje rammevilkår og tiltak som utviklar landbruket som eit avgjerande fundament for reiseliv og matproduksjon.
7. Digital infrastruktur er avgjerande for å utvikla eit moderne samfunn og eit konkurransedyktig næringsliv. Statens nasjonale ansvar for likeverdig nett og fylkeskommunens koordinerande rolle i infrastrukturbygginga bør styrkast.
8. Kommunale planar bør leggja større vekt på bustadplanlegging. Regionale bustad-, areal- og transportplanar må fylgjast opp i statleg forvaltning. Husbanken sine verkemiddel må knytast sterkare opp til by- og tettstadutvikling og fylgja opp senterstruktur i planane. Sosial bustadbygging og tilrettelegging av bustader skal bidra til integrering av ulike grupper og bør prioriterast.
9. Samspelet mellom utdanningsfeltet og samfunnet må utviklast slik at det er godt samsvar mellom behov og studieplassar. Finansiering og styring av høgskular og universitet må bidra til å utvikla betre kopling mellom utdanning og regionalt arbeidsliv. Hordaland er eit pilotfylke for betre kunnskapsgrunnlag og vil gjennom regional plan for kompetanse og arbeidskraft, førebu moglege tiltak for å styrke samhandlinga regionalt.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør for regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg: Diskusjonsnotat: Bærekraftige byer og sterke distrikter

Fylkesrådmannen, 27.06.2016

1. Bakgrunn:

Regjeringa arbeider med ei stortingsmelding om berekraftige byar og sterke distrikt. Kommunal- og moderniseringsdepartementet koordinerer arbeidet og har lagt fram eit diskusjonsnotat med ei rekkje spørsmål som vil bli handtert i meldinga. Notatet er vedlagt. Departementet går breitt ut og inviterer til innspel til arbeidet. Det er oppretta ei eiga nettside der innspel blir lagt ut: www.byerogdistrikter.no.

Departementet ynskjer innspel innan september 2016 og tek sikte på å leggja fram meldinga våren 2017. Det er ikkje høyring av stortingsmeldingar.

Det er første gong det blir utarbeidd ei stortingmelding der ein ser bypolitikk og distriktpolitikk samla. I invitasjonen er det peikt på tre hovudtema:

1. Vekstkraftige bu- og arbeidsmarknader i heile landet
2. Distriktpolitikk under nye føresetnader
3. Samordnande løysingar og attraktive bymiljø

2. Generelle innspel

Fylkesrådmannen meiner regjeringa har lagt opp til ein god prosess med opning for innspel og tidleg medverknad. Tema for stortingmeldinga er sentrale for fylkeskommunen og er relevante for drøftingane om fylkeskommunens rolle og oppgåver i regionreforma. Desse to politikkområda bør derfor sjåast i samanheng.

Situasjonen er ulik rundt om i landet og den er i stadig endring. Regionalt nivå har ein unik posisjon når det gjeld både å kartlegge utviklingstekk og kunne setja i verk tilpassa tiltak. Fylkeskommunen kan fanga opp både nasjonale føringar og lokale utfordringar i by- og distriktpolitikken. Fylkeskommunen har kompetanse i forstå geografiske samanhengar, frå einskildbedrift, lokalsamfunn, kommune og region og til eit europeisk nivå. Økonomien bli stadig meir kompleks og kunnskapsdriven. Å i større grad satsa på fylkeskommunen som utøvande organ for distrikts- og bypolitikk vil derfor kunne gje løysingar som er optimalt tilpassa den aktuelle utfordringa. Fylkeskommunens ulike roller; samfunnsutviklar, tenesteprodusent, myndigheit og demokratisk organ bør derfor styrkast for å kunne gje by- og distriktpolitikken eit godt fundament.

Dei tre Vestlandsfylka har uttrykt eit ynskje om at fylkeskommunen får eit tungt ansvar for både tenesteproduksjon og samfunnsutvikling. Fylka har peikt på konkrete oppgåver som bør leggjast til regionalt nivå (sjå forslag til vedtak punkt 2). Tenesteproduksjonsrolla styrkar samfunnsutviklarrolla og desse må derfor sjåast i samanheng. Samarbeid på Vestlandet uavhengig av regionreforma vil vera eit mål. Vestlandsfylka kan utfylle kvarandre for at ein framleis skal vera landets viktigaste verdiskapande region.

Regional planlegging er ein innarbeidd og lovfesta reiskap for å setja felles mål og gjennomføra tiltak for å oppnå måla. Retningsval og prioritering er ein viktig del av planarbeidet. Fylkesrådmannen stør opp om forslag om å styrke regional planlegging og utvikle betre dialog mellom forvaltningsnivåa i planprosessen. Regionale planstrategiar bør i større grad nyttast som innspel til nasjonal politikktutforming på same måte som nasjonale forventingar til kommunal og regional planlegging er eit innspel til kommune- og fylkesnivået.

Likeeins stør fylkesrådmannen forslaget om å knyte fleire statlege verkemiddel opp mot gjennomføring av regionale planar. Forslaget om utviklingsavtalar mellom stat, fylkeskommune og kommune bør bli ein del av dette. Ein kombinasjon av auka rammer generelt supplert med rammer knytt til vedtekne planar spesielt, bør vera ein ny hovudmodell for økonomisk samhandling mellom stat og fylkeskommune. Snevre satsingsområde og spissa tilskotsordningar frå nasjonalt nivå skapar eit begrensa handlingsrom for regionalt nivå i møte med regionale utfordringar.

3. Innspel til tema og spørsmål frå KMD

Den planlagde stortingsmeldinga kan potensielt omfatta svært vidfemnande tema. Innspel frå Hordaland bør spissast mot tema som er særleg relevant og underbygd frå heile Hordalandssamfunnet. Fylkesrådmannen vil derfor ta utgangspunkt i utfordringar, mål og strategiar som er utvikla i forslag til Regional planstrategi 2016-2020 og utdjupa i regionalt planarbeid. Planarbeidet vil drøftast punktvis inn mot kvart av dei tema og spørsmåla som er stilt av departementet.

Tema 1 Vekstkraftige bu- og arbeidsmarknader i heile landet

Korleis kan stat, kommunar og fylkeskommunar legge til rette for eit konkurransedyktig næringsliv og tilgang på kompetent arbeidskraft i lokale arbeidsmarknader med ulike utfordringar?

Regional næringsplanlegging

Fordi situasjonen er ulik mellom regionane når det gjeld stauts for næringsliv og sysselsetjing, vil regional næringsplanlegging vera ein tenleg reiskap for skreddarsaum i møte med lokale utfordringar. Regionale fortrinn dannar basis for prioriteringar og innsats. Entreprenørskap og etablerarretteleing må styrkast i utdanningsløp og som lokale tenester der fylkeskommunen har ei koordinerande rolle.

I Hordaland er det no viktig å nytte kompetansen innan oljerelatert næringsliv som del av omstillingsarbeidet. Det grønne skiftet må visast att i næringspolitikken. Grøn konkurransekraft må byggjast og det må satsast på miljøvenlege produkt og produksjonsmetodar. Målsetjingar i klimapolitikken og næringspolitikken må samordnast. Bransjane i desse marknadane treng tid til å læra, har høgare oppstartkostnader og må opp på ein viss kritisk masse. Hordaland har særlege føresetnader for å vera ein pådrivar for omstilling grunna sterke kompetansemiljø og vil ha nytte av samarbeid med andre regionar om teknologiutvikling. Dei bransjane som kan vera særleg interessante er marine næringar inklusive sjømat, maritime næringar og mediebransjen.

Kunnskap er ein stadig viktigare faktor for utvikling. Næringslivet bør bli meir kunnskapsbasert og komplekst. Regionalt forskingsfond bør styrkast. Fondet bør både gje bidrag til spesialisering der ein har konkurransefortrinn, så vel som mangfald med fleire bein å stå på. Marknadsretta forskning bør aukast i privat sektor. Fylkeskommunens pådrivarrolle og koordinering overfor næringsliv og kommunar i deltaking i relevante EU-program bør styrkast. Å etablere fleire næringsretta forskingsklynger og ekspertsenter og stimulera til utvida samarbeid mellom teknologimiljøa i Midt-Norge og basalsforskingmiljøa på Vestlandet vil vera gunstig.

Aktørane innan næringsutvikling bør i større grad samordnast gjennom fylkeskommunen og regional næringsplan. Det er trong for forenkling og effektivisering. Statlege næringsrelaterte oppgåver som i dag er organisert gjennom til dømes Innovasjon Norge, fylkesmannen, NAV og som krev kunnskap og kontaktnett regionalt bør også vurderast kpla sterkare til fylkeskommunen.

Utviklingsavtalar og rammeløyving

Utviklingsavtalar og rammeløyvingar knytt til regional næringsplan bør vurderast som alternativ til dagens overføringsordningar. Dei økonomiske verkemidlane må forenklast og i sterkare grad forvaltas av regionalt folkevald nivå. Handlingsrommet til fylkeskommunen bør aukast ved at statlege løyvingar opnar for regionale vurderingar av kor det er størst trong for tiltak.

Regionale tiltak for betre samspel mellom arbeidsliv og utdanning

For å sikre kompetent arbeidskraft må samspelet mellom utdanningssektoren og arbeidslivet styrkast. Dimensjonering og lokalisering av utdanningstilbod er forhold som bør vurderast både på lang sikt og løpande i høve til utviklinga på arbeidsmarknaden regionalt.

Profesjonsutdanning på høgare nivå bør avpassast regionalt behov. Etter- og vidareutdanning bør organiserast på ein meir tenleg måte slik at den kan vera ein effektiv støtdempar i tider med omstillingsbehov, både av omsyn til samfunnet og individet. Samordning av involverte som NAV, høgskule- og universitet, næringslivet og fylkeskommunen må styrkast og grunnlaget leggjast i regionale planar og tiltak. Finansieringsordningar for universitet og høgskule må stimulera til samsvar mellom utdanning og arbeidsmarknad i eit regionalt- og nasjonalt perspektiv.

Korleis ein kan betre dette samspelet er til vurdering i regional plan for kompetanse og arbeidskraft som er under arbeid i Hordaland.

Kva kan gjerast for at bustadmarknaden skal fungera betre i byane og distrikta?

Tydelegare krav til bustadareal i kommuneplanane

Bustadplanlegging lir under fragmentert ansvar og manglande samordning. Kommuneplanen som arena for bustadplanlegging bør styrkast. Fylkeskommunen bør gje rammer for planlegging av bustader og har verktøy for å gje prognosar for dette. Det bør vurderast om kommunale planar skal godtgjera høveleg areal for planperioden. For lite bustadareal skapar uheldig prispress. Men det er også uheldig om kommuneplanane har for omfattande areal og dermed skapar avklaringsbehov for lite realistisk arealbruk og stimuli til negativ prisutvikling.

Auka vekt på regional bustadplanlegging

Bustadtema er sentralt både i regionale planar som samordna areal- og transportplanar for byområda og for senterutvikling i heile fylket. I forslag til regional planstrategi er det understreka at bustadplanlegging og senterutvikling er viktig for å lukkast med inkludering av ulike grupper. Folkehelseperspektivet er del av dette.

Tal frå Hordaland viser at det i vekstområdet rundt Bergen som omfattar 12 kommunar vil vera mogeleg å sikre bustadareal innafor eksisterande senterområde. Det same vil truleg gjelda for alle kommunar i Hordaland. Dei same analysane viser at det ut i frå familiestruktur i hovudsak vil vera trong for nye leiligheiter/mindre husvære. Dette tilseier at det er mogeleg å byggje attraktive senter og auke miljøvenleg transport gjennom å konsentrere bustadbygging til definerte senter. Bilbasert spreidd bustadbygging er ikkje framtidsretta. I regional planstrategi er det lagt opp til å styrke regionale senter i første omgang. Statleg forvaltning bør også bidra til dette.

Partnerskap for å stimulera til senterutvikling

Det er eit mål å leggja til rette for attraktive senter i heile fylket. Bygging i senterområde kan medføra ekstra kostnader og ekstra tid for utbyggjar. For å balansera dette i høve til ekstern bygging utanfor senter bør kommunane i stor grad ta ansvar for oppdatert regulering av senterområde og klaregjera for rask byggesakhandtering. Støtte frå kommune, fylkeskommune og stat er aktuelt for å setja fart i tilretteleggjande planlegging.

Husbanken må stø opp under regionale planar

Husbanken sine verkemiddel bør rettast meir mot senterutvikling og tilretteleggja for varierte bustader i nærleiken av tenester, handel og kollektivtransport i samsvar med kommunal og regional plan. Det bør stimulerast til å nytte eksisterande bygg i senterområde og til at nye bygg har varierte leiligheiter som kan nyttast fleksibelt av ulike grupper med særlege behov. Nye omsorgsbustader og helseinstitusjonar bør knytast til senterområde.

Økonomiske verkemiddel i distriktskommunar

Vekstområda og fråflyttingsområda har ulike utfordringar når det gjeld bustadbygging. Det bør vurderast korleis ein kan skapa betre balanse mellom dei private konsekvensane av å investera i distrikt der nypris er vesentleg høgare enn bruktpreis, kontra i vekst- og pressområde der ein kan hausta god gevinst av investering i bustader. Denne ulikskapen gjer det krevjande å driva bustadplanlegging både i pressområde og i distrikt.

Tema 2 Distriktpolitikk under nye føresetnader

Korleis styrke lokal verdiskaping?

Regional næringspolitikk

Næringsutvikling i distrikta med nedgang i sysselsetjing og fråflytting har særlege utfordringar. Fylket har lenge vore delt i ein kystregion med sterk vekst og indre strøk med tilbakegang i folketal. Arbeidsplassar har vore drivkraft i denne utviklinga. I det siste har situasjonen utjamna seg ved at indre strøk har hatt større vekst og ytre delar har bremsa veksten som følgje av nedgangen i oljesektoren.

Ei dynamisk tilnærming til utfordringane der verkemiddel knytast til oppdaterte og regionale vurderingar av sårbarheit og omstillingsbehov er tenleg. Regional næringsplan med handlingsprogram vil vera eit godt verktøy både for iverksetjing av nasjonal politikk og utvikling av ein regional politikk ut i frå fylket sine utfordringar. Fylkeskommunen ynskjer å utvikla møteplassar og utvekslingsprosjekt både politisk og administrativt der ein kan få fram prioriterte tema og søke felles løysingar.

Fylkeskommunen har vore pådrivar for fleire vellukka satsingar for lokalsamfunnsutvikling som til dømes koman.no og livoglyst-program. Det bør lagast grobotn for lokale etablerarmiljø og identifisere tiltakslyst, uavhengig av bransje i utvalde lokalsamfunn. Å stø opp under initiativ til mindre prosjekt med «bottom up» tilnærming har vore vellukka. Samarbeidsprosjekt som Lokalsamfunnsutvikling i kommunane (LUK) og «bulyst» initiativa er døme på tiltak som verkar.

Fylkeskommunen har også teke initiativ til eit større omstillingsprogram på Sør- og Vestlandet med støtte frå statlege løyvingar. Låg oljepris har vore utgangspunkt for denne satsinga, men ringverknadar ut over oljebransjen blir viktig å fanga opp vidare.

Næringsutvikling i byane er i større grad prega av storskalaøkonomi, markandsstyring og integrasjon nasjonalt og internasjonalt. Utviklingsmiljø tek ofte i bruk ny forskning og nye produkt og prosessar. Klyngeprogramma der det offentlege bidrar til kopling mellom aktørar betyr mykje for spreing av effekten av dette. Distrikta drar i sin tur god nytte av klyngesatsing og næringsretta forskingscenter.

Næringsplanen bør i større grad leggast til grunn for Forskingsrådet, Innovasjon Norge og SIVA sitt arbeid.

Ledige og fleksible næringsareal

Tilstrekkjeleg areal og fleksibelt areal for næringsutvikling bør tilretteleggast i kommunale arealplanar. Fylkeskommunen bør ha eit rettleings – og koordineringsansvar og forvalta verkemiddel av tilretteleggjande karakter.

Akvakultur

Akvakultur er ei viktig næringsverksemd i Hordaland. Regionen er Norges viktigaste akvakulturregion. Og har eit stort potensiale for å utvikle , produsere og eksportere høgkvalitets oppdrettsteknologi, ny

miljøteknologi og å utvikle ny berekraftig akvakultur på nye artar. Fylkeskommunen klarerer og tildeler lokalitetar for akvakultur både gjennom konsesjon og i plan. Fylkeskommunen driv vidaregåande opplæring innan akvakultur og kan leggje til rette samferdseltiltak som veg, bru og breiband. Fylkeskommunen kan støtte marine forskingsprosjekt, regionale utviklingsprosjekt og gje støtte til verksemder gjennom Innovasjon Norge og klyngeprosjekt. Koplingssynergjar og konkurransekraft vert skapt gjennom verktøy fylkeskommunen har hand om.

Gjennom regional kystsoneplan tilrettelegg fylkeskommunen for berekraftig utvikling av næringa. I tett samspel med kommunal arealplanlegging vil regionale planar iverksetjast i bindande arealbruk. Fylkeskommunens oppgåver innan forvaltning av akvakultur bør styrkast.

Veg og digital infrastruktur

Digital infrastruktur er ein føresetnad for desentralisert næringsutvikling og må utbyggast i tråd med prioriteringar regionalt. Staten bør i større grad ta eit nasjonalt ansvar for infrastrukturutbygging, medan fylkeskommunen bør ha ei koordinerande rolle for den vidare utbygginga i fylket.

Veginfrastruktur er ei utfordring for mange verksemder. Nye verksemder bør lokalisast i høve til langsiktig samordna areal – og transportplanlegging. Regional transportplan prioriterer utbygging som knyter viktige eksisterande næringsverksemder til transportnettet. Regional plan er det rette plannivået for å gjera slike vurderingar og gje føreseielege rammer for næringsverksemd.

Er det område kor lovgiving eller nasjonal politikk er til hinder for ein forsvarleg utnytting av ressursgrunlaget i lokalsamfunnet?

Sektorlover og økonomiske verkemiddel bør knytast opp til regional planlegging

Ei berekraftig utvikling inneber ein balanse mellom ulike interesser, på tvers av sektorar og forvaltningsnivå. Planlegging er eit verkemiddel for å oppnå denne balansen. Forsvarleg utnytting sikrast ved at sektorlover i større grad knytast opp til regional og kommunal plan og plangjennomføring.

Økonomiske verkemiddel bør i større grad knytast til gjennomføring av planar eller vera avhengig av samsvar med planar. Planavklaring gjer ressursbruken meir samfunnsnyttig og motverkar konflikhtar og forseinkingar i utviklingsarbeid.

Kva for nasjonale interesser er viktig å ivareta når det opnast for auka utnytting og verdiskaping basert på lokale ressursar?

Regional kartlegging og formidling av kunnskapsgrunnlag

Fylkeskommunen legg vekt på å ivareta nasjonale og regionale interesser på bakgrunn av kartlegging og verdsetting av kulturminne og kulturmiljø, friluftsområde og landskap. Naturmangfald og jordvern er også verdjar som vektleggjast. I eit langsiktig perspektiv vil fornybare naturressursar vera av særleg stor verdi, det gjeld marine ressursar, energiressursar og produktive skogareal. Fareområde for flom, ras og auka bølgehøgde er viktige arealomsyn. Planmessig forvaltning av avgrensa ressursar som sand, grus og mineralar er ei stor utfordring som kan sikre konkurransekraft på lengre sikt.

Nasjonale interesser bør klargjerast gjennom laupande oppdatering av kunnskapsgrunnlag og verdsetjing. Formidling av kunnskapsgrunnlag om viktige verdjar må i større grad samordnast og effektiviserast slik at unødige konflikhtar unngåast. Fylkeskommunane sin rolle i å formidla statistikk og geografisk informasjon inn mot privat og offentleg planlegging i fylket bør styrkast.

Regional arealplanlegging

Fylkeskommunen legg til rette for ein føreseieleg og omforeint arealpolitikk som effektiviserer planprosessane på kommunalt nivå og gir føreseielege rammvilkår. Avveging mellom ulike interesser finn stad i planlegginga.

Korleis kan distriktskommunane sitt arbeid med lokal samfunnsutvikling, inkludert inkludering av arbeidsinnvandrarar, næringsutvikling og berekraftig ressursutnytting styrkast?

Aktiv samfunnsplanlegging

Distriktskommunane og særleg kommunar med nedgang i folketalet vil ha nytte av god samfunnsplanlegging. Kompetanseheving av kommunane, felles planressursar og rettleiing frå fylkeskommunen bidreg til å få fram strategiar og satsingar i kvar kommune. Betre integrasjon mellom regional planlegging og kommunale planlegging vil tena distriktskommunane. Likeeins utvikling av betre kopling mellom samfunnsplan, arealplan og årlege budsjett og verksemdplanar i kommunane.

Inkludering gjennom god senterutvikling og frivillige organisasjonar

Senterutvikling vil vera eit verkemiddel for å auka inkludering av innvandrarar. Regionsentera har nokre føremuner ved busetjing av innvandrarar i kraft av storleik og funksjon med varierte arbeidsplassar og bustader, samt kollektivtransport. Frivillige lag og organisasjonar har eit stort eit potensiale for å stimulera til god integrasjon i nærmiljøet, noko som krev tilrettelegging og støtte frå det offentlege.

Attraktive bustadområde og utleigetilbod

Attraktive bustadområde er eit pre i mange distriktskommunar, men dei må koplast til gode funksjonelle senter. Tilflytting av arbeidskraft vil vera avhengig av utleigemarknaden og ordningar for utleigebustader i distrikta bør etablerast.

Tema 3 Samordnande løysingar og attraktive bymiljø

På kva område er det spesielt behov for å sikre samordning mellom sektorar og ulike lover og regelverk.

Einheitleg inndeling av statleg forvaltning

Statleg forvaltning bør inndelast i samsvar med kommune og fylkesinndelinga. Det er i dag eit uttal av inndelingar i statleg forvaltning. Dette skapar vanskar med samhandling lokalt og regionalt. Statleg forvaltning bør i størst mogeleg grad fylgje fylkes- og kommunegrensar og samsvara på tvers av sektorar.

Regional plan som samordningsarena

Regional plan er det viktigaste verkemiddelet for å samordne sektorar og forvaltning av lov og regelverk på regionalt nivå. Skal regional planlegging utnyttast til dette føremålet må sektorlover og kommunal og statleg planlegging knytast sterkare til regional planlegging gjennom plan- og bygningslova.

Planlov og sektorlov må opna for eit styrings- og handlingsrom i regional plan. Eksempel på behov for samordning er sektorar som landbruk, transport og kultur.

Regional og kommunal forvaltning av øymerka midlar

Dersom det opprettast tilskotsordningar eller øymerka overføringar bør det vera klårare prinsipp for arbeidsdeling mellom forvaltningsnivåa i alle departement. Følgjande prinsipp kan vurderast: Nasjonalt nivå kan fordele til nasjonale organ og tiltak og gje tilskot til fylkeskommunar. Fylkeskommunen kan fordela til regionale organ og tiltak og gje tilskot til kommunar. På den måten kan ein sjå ulike ordningar i samheng både med sikte på effektiv samordning og synergjar og ein rimeleg geografisk fordeling.

På kva område er det behov for å utvikle betre og meir forpliktande samarbeide mellom forvaltningsnivåa for å sikre gjennomføring av vedtekne planar samtidig som lokaldemokratiets handlingsrom og innflytelse styrkes?

Staten må forplikte seg i regionale planar

Regionale planar bør vera eit utgangspunkt for utviklingsavtalar og partnerskap i iverksetjingsfasen. Det må utviklast ordningar som gjer staten meir forplikta i gjennomføring av regionale planar.

Regionale planar må vektleggjast i arealspørsmål

Føresenger til regionale planar bør nyttast for å styrke verknaden av regional plan. Regionale folkevalde organ må ha vesentleg påverknad i regionale arealspørsmål ved bruk av motsegn eller samtykke.

Regional kulturpolitikk

Fylkeskommunane har gode føresetnader for å utvikla kulturfeltet og bør få nye oppgåver og auka ansvar som del av regionreforma. Regional kulturplan må vera utgangspunkt for å utviklingsavtalar om statleg finansiering.

Korleis kan stat, kommune og fylkeskommune bidra til at ein attraktiv og velfungerande by i større grad skapar ringverknader og berekraftig vekst i sitt funksjonelle omland

Regionale areal- og transportplanar

Regionale areal- og transportplanar er viktig for å skapa balanse mellom by og omland. I Bergensområdet er det til dømes fastlagt ei rekkje vekstsoner i nabokommunane i tilknytning til regionale senter. Betre balanse mellom bustader og arbeidsplassar innafør geografiske område gir positive gevinstar ved at trafikkbelastninga for bykjerna blir mindre og transportinvesteringane utnytta betre. Ei fleirkjerna utvikling må støttast av investeringar og prioriteringar på alle forvaltningsnivå.

Fylkeskommunens kollektivstrategi går på tvers av kommunegrenser og må gjennomførast parallelt med sterkare styring av nye utbyggingsområde i retning av kollektivaksar og knutepunkt. Tog, båt, bane og buss må få fortrinn rundt Bergen. Gange- og sykling i kvardagen må stimulerast gjennom tilrettelegging. Restriktive tiltak for å redusera privatbiltransporten må innførast parallelt med kollektivsatsing.

Sikring av nærturområde og lokalisering av idrett- og fritidsanlegg innafør gang- og sykleavstand må få større merksemd i areal- og transportplanlegginga. Folkehelseperspektivet vil ha stor nytte av å sjå bustadbygging i samanheng med møteplassar og aktivitetstilbod.

Distriktskommunane er avhengig av attraktive senter; kommunesenter og regionsenter. Statlege investeringar og lokalisering av statleg verksemd bør skje i senter som er utpeikt i kommuneplan og regional plan. Nasjonale føringar for lokalisering av statleg verksemd for å avlaste pressområda på austlandet må handhevast strengt.

Utviklingsavtalar og bymiljøavtalar som oppfølging av regional areal- og transportplanar må gjennomførast.

Forsking og utvikling

Storbyane har grunnlag for å byggje forskings- og utviklingsmiljø med høg kompetanse i nært samspel med næringslivet i regionen. Det bør utviklast arenaer for sterkare kopling mellom forskingsmiljøa i storbyane og lokalt næringsliv. Fylkeskommunen må i større grad få ansvar for å byggje slike arenaer. Statlege føringar og midlar for forskingssektoren må stø opp under ei slik utvikling.

Korleis kan staten bli ein betre samarbeidspart for byane og bidra til å forsterke deira tiltak for å få ned klimautslepp og bukvaliteten opp og nytt liv i sentrum

Sjølvforsynte senter

Balanserte senter med mangfald av bustader, tenester og arbeidsplassar er viktig for å få ned transportbehov og klimagassutslepp. Handelslokalisering må styrast strengt i tråd med regionale planar og i hovudsak tillatast i sentrum av definerte senter. Offentlege verksemder må gå i spissen når det gjeld lokalisering av kontorarbeidsplassar og tenester i senter.

Fylkeskommunen bør ha kompetanse og ansvar for heilheitleg stadutvikling. Utvikling av BID-ordningar med formalisert partnerskap mellom private og offentlege i utvikling og drift av sentrumsområde bør vurderast.

Offentleg grøntstruktur

Å sikre grøntstrukturen sentralt i byar og større senter er spesielt krevjande. Grøntstruktur bør både analyserast, planleggjast, tilretteleggjast og driftast med offentlig initiativ og ansvar. Tettstader og byar over ein viss storleik bør ha ein overordna plan for grøntstruktur for tettbygde område.

Fortetting med bustader

Det bør leggjast til rette for bustader i sentrumskjerna gjerne ved at kommunane går i forkant med sine bustadbehov og at det er stimuleringsiltak gjennom offentlig planlegging, offentlig finansiering av infrastruktur, offentlig drift osv. Husbanken sine verkemiddel bør rettast mot fortetting og fornying av sentrumsområde.

Gjennomfartsvegar

Mange senter slit med hovudvegar som i hovudsak er gjennomfartsveg. Dette skapar dårleg kvalitet med støyproblem, utfordringar for trafikktryggleik og barrierar mellom funksjonar. Eit statleg program for miljøtiltak på riksvegar i definerte senter bør vurderast. Fylkeskommunen prioriterer trafikktiltak i regionale senter alt no.

4. Oppsummering

I gjennomgangen over av ulike tema og spørsmål er nokre innspel felles for dei ulike spørsmåla som departementet har stilt. I det vidare er gjennomgangstema og hovudinnspele oppsummert i fylgjande punkt:

Styrke fylkeskommunen gjennom regionreforma

Fylkeskommunen må gjennom regionreforma få auka ansvar og fleire oppgåver. Regionalt nivå er særleg godt eigna til å ta tak i utfordringar innanfor by- og distriktpolitikken. Desse utfordringane er komplekse og krev utstrakt kunnskap om samanhengar både nasjonalt, regionalt og lokalt. Utviklinga innan oljerelatert verksemd i det siste viser at fylka er ulike og at tiltak må tilpassast situasjonen regionalt.

Auka økonomisk handlingsrom

Ein målretta by- og distriktpolitikk krev eit økonomisk handlingsrom i fylkeskommunen. Dette sikrast best ved å auka fylkeskommunens totale rammer og andelen som blir formidla som rammeløyving. Smale og skiftande særøyvingar og tilskotsordningar med begrensande føringar frå statleg hald bind opp regionale ressursar, aukar byråkratiet og gjer fylkeskommunane mindre effektive i møte med eige fylke sine utfordringar.

Utviklingsavtalar med statlege rammer knytt til den einssilde regionale plan kan vera ein veg å gå. Regionale næringsplanar bør utviklast til avtalegrunnlag for statleg medverknad i finansiering.

Auka vekt på regional planlegging i statlege organ

Regional planlegging er eit velegna verktøy for å utvikla felles mål og handlingsprogram i eit fylke. Regional planlegging bør styrkast gjennom statleg medverknad i prosess og gjennomføring. Regional plan bør i større grad vektleggjast i statleg forvaltning både når det gjeld lokalisering av statleg verksemd, prioritering i budsjett og plan og laupande forvaltningsvedtak. System for iverksetjing av regional plan i alle statlege sektorar bør utviklast. Samsvar med regional plan bør i innarbeidast som vilkår for relevante avgjerder i staten.

Satsing på regionale senter

Både sosiale, økonomiske og miljømessige utfordringar tilseier ei auka satsing på senterutvikling. Statlege verkemiddel bør i større grad rettast mot definerte senter og i første omgang regionale senter. Det gjeld lokalisering av statlege tenester og verksemd, finansiering av bustader og kommunale bygg, busetjing av flyktningar og utbetring av riskveganlegg. Regionale planar som samordna bustadlokalisering, areal og transport må vektleggjast. Planar for lokalisering og dimensjonering av handel må fylgjast opp i samsvar med regional plan. Fylkeskommunen må ha eit hovudansvar for stadutvikling og formidla både kompetanse og ressursar inn mot kommunane.

Digital infrastruktur

Ein effektiv digital infrastruktur vil vera ein føresetnad for næringsutvikling og anna samfunnsutvikling i åra som kjem. Fylkeskommunen må få større påverknad på den vidare utviklinga og syta for samordning av satsing i fylket. Digitalisering er ein føresetnad for å ta i bruk ny miljøvenleg teknologi, effektivisering og auka produktivitet i både offentleg og privat sektor.

Fornya bustadpolitikk

Etterspørsel og tilbod av bustader er påverka av fleire faktorar der eitt element er kommunale og regionale arealplanar. Prognosar for bustadbehov og tilgang på areal bør vera obligatorisk tema i alle kommuneplanar. Fylkeskommunen bidreg med kunnskapsgrunnlag for dette og gjer føringar i regionale planar. Sosial bustadbygging og tilrettelegging av bustader bør bidra til integrering av ulike grupper og prioriterast i definerte senter i kommuneplan og regional plan.

Skilnaden mellom pressområde og fråflyttingsområda når det gjeld avkasting på bustadinvestering bør utjamnast gjennom nasjonale økonomiske verkemiddel.

Betre samspel mellom utdanning og samfunnsliv

Samspelet mellom utdanning på alle nivå og samfunnet regionalt bør utviklast. Dimensjonering og lokalisering av utdanning bør avpassast samfunnet sitt behov. Fylkeskommunen bør ha ei viktig rolle i å kople utdanningsinstitusjonane og samfunnet gjennom eigna tiltak. Statlege finansieringsordningar må i større grad stø opp under regionale prioriteringar.